

<https://www.nett.no/Nettno/Overskriftene/Utvalgte-saker/Meiner-det-viktigaste-er-at-kuldelinja-bestaar>



STATSRÅDSTØTTE: Initiativet til MMC First Process-direktør Petter Leon Fauske (midten) fekk nyleg skryt av fiskeri- og sjømatminister Harald Tom Nesvik. Fauske har sjølv ni elevar i arbeid på YSK- eller lærlingordningar.

Foto: Marius Rosbach

## Meiner det viktigaste er at kuldelinja består

Marius Rosbach

28.11.2019 05:55

**Linja for kulde- og varmepumpeteknologi kan bli flytta frå Haram til Ålesund. MMC First Process - som har sagt seg villige til å betale for å behalde linja, meiner det viktigaste er at utdanninga består.**

I forslaget som no ligg på bordet framfor fylkestinget vil YSK-linja ved Haram vidaregåande helde fram – men bli lagt ned i Fræna, Ulstein, Kristiansund og Ålesund.

Fleirtalet vil også behalde linja for kulde- og varmepumpeteknologi – men ber administrasjonen vurdere om den bør flyttast frå Haram til Borgund vidaregåande skule i Ålesund.

Fylkesordførar Tove-Lise Torve påpeiker at linja ikkje blei oppretta i år på grunn av få søkjarar.

– I eit forsøk på å bevare det einaste tilbodet i kulde- og varmepumpeteknologi i fylke, vil vi sjå om det å legge linjetilbodet til Borgund vil gi fleire søkjarar, slik at tilbodet kan vidareførast, fortel ho til NETT NO.

### **Har seg villige til å betale**

På Sunnmøre har kuldebedrifter engasjert seg for denne linja, og fleire har sagt seg villige til å betale for å behalde utdanninga – eit initiativ også statsråd Harald Tom Nesvik støtta.

Administrerande direktør Petter Leon Fauske i MMC First Process påpeiker at lokaliseringa er fylkeskommunen sitt ansvar – og vil ikkje meine for mykje om det. – Både vi og bransjen har fokus på at linja for kulde- og varmepumpeteknologi må bestå, seier han.

### **– Viktig for regionen og sjømatnæringa**

Fauske meiner utdanningstilbodet må vere retta mot kva arbeidsmarknaden treng –

både no og i framtida. Sjølv har han ni elevar i arbeid gjennom YSK- eller lærlingordningar.

– For heile regionen og sjømatnæringa er det viktig at ikkje utdanningstilbodet blir teke vekk, påpeiker Fauske.

**Les også:** – Dette er kritisk kompetanse for fisken vi skal eksportere

### **Vil jobbe med rekruttering**

– Næringslivet har også eit ansvar for å synleggjere behovet for denne type kompetanse i ei framtid der berekraftig forvaltning av naturressursane er avgjerande for at industrien skal vere konkurransedyktige globalt, seier han.

«Partnerbedriftene» som har stilt seg bak initiativet, har også sagt seg villige til å bidra med midlar, kunnskap og lokale for å halde liv i linja.

– På møte i desember skal vi vurdere tiltak og oppfølging – også med tanke på rekruttering til denne utdanninga, legg Fauske til.

**Les meir om saka:** Nesvik støttar kampen for yrkesfaga

Vil bidra med støtte til yrkeslinje

**Fylkesordføraren:** – Behov for ei prinsipiell drøfting

Elevar ser ikkje noko galt i sponing

**Synspunkt:** Bekymringsmelding fra næringslivet i Møre og Romsdal